



Rapport og rekneskap – Innsida Ut

Aktiv formidling 2021

Kort om gjennomføringa av prosjektet

«Voss Bibliotek ynskjer å synleggjere seg og nå ungdommane i heradet gjennom prosjektet «innsida ut» eit digitalt formidlingsprosjekt. Med å samarbeide med elevar og lærarar på ungdomsskulen når me første del av målet, å gjere ungdommane merksame på at me fins.»

Prosjektet Innsida ut vart igangsett ved at ein klasse på Voss ungdomsskule fekk i oppgåve å lage videosnuttar til Tik Tok der dei skulle formidle ungdomsbøker. Dei var 26 elevar fordelt på 11 grupper. Me hadde til saman ti møter med skulen og elevane. Bibliotekar Theresa Wallevik presenterte først prosjektet for lærarane på ungdomsskulen og fekk klassen med i prosjektet. Ho ga ungdommane i klassen informasjon på Kulturhuset i to omgangar, der ho tipsa om bøker dei kunne formidle og trakk fram Lesersørvis som eit verktøy for ungdommane i formidlinga.

Ungdommane fekk tid til å velje seg bøker og lese dei. Klassen møtte så fem gonger på biblioteket for å jobbe med idear, storyboards og filming, med tilbod om rettleiing. På førespurnad frå elevane blei det kjøpt inn ring light og green screen til filminga. 9 av 11 grupper leverte ferdig videosnutt til prosjektslutt. Videosnuttane er publisert på www.tiktok.com/@vossbibliotek. Som avslutning på prosjektet hadde me framvising av videosnuttane i kinosalen på kulturhuset.

Målet med prosjektet var todelt: både å nå ungdommar som ikkje nyttar biblioteket i dag og å auke vår eigen kompetanse på digital formidling. Attendemeldingar læraren samla inn frå elevane var positive.

Elevane sa blant anna at det vart kjekkare å lesa bøker når dei kunne dele lesaropplevinga med dei andre på gruppa si. Nokon sa det var fyrste gongen dei hadde likt å lesa ei heil bok. Elevane syns vidare det var kult å laga Tik Tok-film og at det vart fint at biblioteket kjøpte inn utstyr og let dei bruke kulturhuset til filming. Fleire elevar sa at dei kom til å bruka biblioteket meir no og at dei visste meir korleis dei skulle finna fram. Særleg var dette elevar som ikkje hadde brukt biblioteket etter barneskulen, eller etter at dei slutta å vera med føresette dit, eller som hadde mest erfaring med Bokbussen. Det var ingen som svara at dei ikkje likte å vera med på prosjektet og samlege elevar ville anbefala det til andre klassar. Etter attendemeldingane ser det altså ut som ungdommane har fått ei positiv oppleving både med biblioteket og med å lesa bøker, som gjer at dei trur dei vil nytta biblioteket meir.



Med hjelp frå elevane lærte me på biblioteket oss korleis me publiserer videoar på Tik Tok, fekk tips om emneknaggar og lærte mykje om korleis ungdom brukar Tik Tok og kva dei meiner gjer ein Tik Tok-film god. Dei andre måla i prosjektet var difor også nådd. Våren 2022 fekk me to nye 9. klasser med i prosjektet, også dei gjennomførte godt. Me planleggar fortsette å tilby opplegget til ungdomsskulen frametter.

Budsjett

Frikjøp prosjektleiar 10% i 2021 25.000,- (fordelt på 6 mnd)

Frikjøp prosjektleiar 5% i 2022 50.000,- (fordelt på 12 mnd)

Frikjøp prosjektleiar 5% i 2023 50.000,- (eigenandel, fordelt på 12 mnd)

Innkjøp av utstyr, om lag 20.000,- Støtte frå Bibliotekutvikling Vestland.

Som følge av Covid-19 pandemi og dei restriksjonar denne medførte kom me først i gang med prosjektet hausten 2021. Me fekk ikkje brukt opp alle midlane i 2021 og har difor brukt og planlagt å bruke restmidlane til vidareføring av prosjektet i 2022 og 2023.

Rekneskap

Frikjøp prosjektleiar 10% i 2021 25.000,-

Frikjøp prosjektleiar 5% i 2022 50.000,-

Innkjøp av utstyr, om lag 20.000,- Støtte frå Bibliotekutvikling Vestland.

Beste helsing

Voss herad

Ritha Helland

Biblioteksjef

Tlf +47 952 62 005



Profesjonell – påliteleg – skapande – inkluderande